



Opningsdagen har vore fin for fjellsport-gjengen i Uskedalen, som kjem frå Bodø i nord til Kristiansand i sør.

Leiar Øystein Ormåsen kan melda om ein problemfri dag og fornøgde deltakarar. Duskregnet som starta ved 16-tida var ikkje noko problem for røynde fjellsportfolk.

Denne dagen har 24 vore på Omnedaltind - fordelt på 3 grupper.

10 har hatt ein 6 timer lang padletur ute i fjorden med retur via Mjødnasund og på innsida av Flatholm. Biletet over er teke under returen.

15 gjekk på Ulvanåso og 5 klatra i veggjen mot dalen.

9 satsa på Bjørndalstraversen.

Dagen vart avslutta med grillkos og biletforedrag i Helgheim og søndag skal eit nytt og krevjande turprogram gjennomførast.

(Foto: Ola Matti Mathisen)